

Leiarsamling i SFSG 28. – 29. oktober 2016

Stad: Thon Hotell Jølster, Skei

Leiarsamlinga var dette året over 2 dagar, 28. og 29. oktober på Skei. 19 lag var representerte, og tilsaman var me 25 deltakarar.

Fredag kveld var Vibeke Tømmerberg frå helsetenesta for Sau i Animalia innleiar. Ho snakka om mineralforsyning til sau og var mellom anna innom bolusar. Eit godt innlegg, men det vart ikkje tid til spørsmål i etterkant då ho måtte reise rett etter innlegget.

På laurdag hadde me først lokallaga sin time. Der kom det mellom anna fram ynskje om at SFSG skulle vere meir synlege i media. Etter lokallaga sin time var fokus lagsarbeid der generalsekretær i NSG Lars Erik Wallin var med som innleiar. Me fekk ein god gjennomgang og såg mellom anna kva nettressursar som er tilgjengelege.

Siste punkt på programmet var innspel til jordbrukstingingane. Det kom fram mange punkt til kva som burde vere med i årets innspel. Det vart oppnemnt ei gruppe som skulle lage eit utkast til innspel på sau som skulle ut på høyring i lokallaga. Gruppa bestod av: Jo Risløv, Erling Offerdal og Kjell Olav Kusslid. Lars Erik Wallin gav SFSG ros for gode og konstruktive innspel til jordbruksforhandlingane over fleire år og sa at dei ofte tok med mange av våre innspel i sine innspel.

Referent

For styret i Sogn og Fjordane Sau og Geit

Odd-Jarle Øvreås
Sekretær